



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

Hydro Energi A/S  
Roalkvamsvegen 118  
4244 NESFLATEN

**Saksbehandler** Alf Odden

**Vår ref.** 2017/10970-0 432.2

**Deres ref.**

**Dato** 18.12.2020

## **Framlegg til skisse til bomreglement for anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet i Holmavassåno biotopvernområde og Dyraheio landskapsvernområde**

Verneområdestyret i SVR handsama i møte 02.12.2020 saken om eit framlegg til skisse for anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet. Protokollen frå styremøte er lagt ved, og ein finn saken som Styresak 52/20 på nest siste side.

I oversendingsbrevet er det gjort nokre endringar i høve til saksframlegget til verneområdestyret. Dette dreier seg om omtalen av privatrettslege tilhøve som er tatt ut i samsvar med styret sitt vedtak. Det er og gjort nokre redigeringar i teksten til saksframlegg, slik at den er betre tilpassa forma som oversendingsbrev. Verneområdeforvaltar sitt saksframlegg vart sendt på e-post til Hydro og grunneigarane ved Holmavatnet 25.11.2020.

I tråd med vedtaket i saka vil verneområdestyret oppmode Hydro om at framlegget til skisse til bomreglement blir lagt til grunn i den vidare prosessen fram mot eit endeleg bomreglement.

Med vennlig helsing

Alf Odden

Verneområdeforvalter SVR

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Kopi:

Odd Kjos-Hanssen, Øystein Sauro, Olav Hovelsrud, Knut Haukelid, Suldal kommune



### **Bakgrunn for saka**

Verneområdestyret viser til referat frå møte mellom Hydro, SVR, grunneigarane ved Holmavatnet og Suldal kommune 04.11.2020. Det visast og til notatet «Villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal». Som ein del av den vidare prosessen ønskjer verneområdestyret å legge fram ei skisse til eit bomreglement. Skissa byggar på villrein faglege vurderingar, og verneområdestyret vil be om at den inngå i Hydro sitt grunnlagsmateriale for fastsettinga av eit nytt bomreglement.

Frå SVR si side vil målsettinga for eit bomregime være å ta vare på villreinen sine moglegheiter for å trekke over anleggsvegen både på kort og lang sikt. Dette gjeld særleg for Holmavassåno biotopvernområde kor verneføremålet er å sikre trekkvegane mellom landskapsvernområda Dyraheio og Kvanndalen. I landskapsvernområda er det å ta vare på villreinen sine leveområde også ein del av verneføremålet. Ingen av verneføreskriftene inneheld spesifikke bestemmingar som omhandlar biltrafikk på anleggsvegen.

Dei to siste åra har ein fått mykje ny kunnskap om både omfanget av ferdsla på anleggsvegen og villreinen sin bruk av området. Etter verneområdestyret si vurdering vil det derfor være behov for eit nytt bomreglement som i større grad kan regulere både det totale omfanget og tidspunkt for ferdsla på anleggsvegen.

Normalt vil det være NVE som er forvaltningsstyresmakt for saker som omhandlar ferdsel på anleggsvegar. Når det gjeld anleggsvegen til Holmavatnet vedtok Industridepartementet i 1967 at anleggsvegen kunne stengast for allmenn ferdsel. Dette skjedde etter søknad frå grunneigarane ved Holmavatnet. I eit brev frå Olje- og energidepartementet til Hydro, datert 18.01.1982, var mynde til å fastsette nærare reglar for ferdsla på anleggsvegen delegert til Hydro.

I dag er områda ved Sandvatnet og Holmavatnet i hovudsak eit vinterbeiteområde for villreinstamma i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Blandingsflokkar trekker inn i område på førjulsvinteren og oppheld seg der til mars. På vårvinteren trekker simlene ut av område mot kalvingsplassane lengre sør og aust. Bukkane blir ståande att til seinsommaren, da ein kombinasjon av jakt og begynnande brunst gjer at dei trekker ut av område.

Det er eit mål for villreinforvaltning at villreinstamma skal ta i bruk ein større del av villreinområde. I denne samanhengen vil det handle om at fostringsflokkane i større grad tek den vestlege delen av desse områda i bruk til sommarbeite. Når dei ikkje gjer dette kan det skyldast ein kombinasjon av dei mange tekniske inngrepa i samband med Røldal-Suldal reguleringa og forstyrring frå ferdsel på anleggsvegen. Villreinstamma sin sykliske arealbruk kan og være ein medverkande faktor, i den forstand at villreinen for tida føretrekker sommarbeiteområde lengre sør og aust.

### **Kunnskapsgrunnlaget**

Kunnskapen om både ferdsel og villreinen sin arealbruk i området er relativt omfattande. Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010), dokumenterer villreintrekka i området. GPS-data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) dokumenterer villreinen sin arealbruk i detalj for tidsrommet 2006-2019. Ein svakheit med dette materialet er at få bukk har vore GPS-merka, og ein veit frå feltobservasjonar at bukkane har ein anna arealbruk enn simlene. I SVR-notat 1/2020 Villrein og ferdsel i Holmavassåno



biotopvernområde og tilgrensande areal, er og lokalkjente sin kunnskap om villreinen sin arealbruk dokumentert og er samanstilt med GPS-data. I Norconsult sin fagrapport for villrein (2020) som er utarbeidd for Hydro, er det og gjennomført meir detaljerte analyser på grunnlag av GPS-data. Kunnskap om ferdselen på anleggsvegen byggar på teljingar gjennomført i 2019 som er rapportert i SVR-notatet. Kunnskapsgrunnlaget omfattar og ein omfattande forskning av NINA basert på GPS-data frå fleire villreinområde. Denne forskinga har særleg fokusert på effekten ferdsel og ulike tekniske inngrep har på villreinen sin arealbruk.

Ferdsla på anleggsvegen vart dokumentert gjennom bilteljingar og registreringar av brukarane i 2019. Her vart det registrert ein samla trafikk på 165 køyretøy eller 330 passeringar i tidsrommet 14. juli-28. oktober. Når det gjaldt fordelinga mellom brukarane stod grunneigar på vestsida Odd Kjos-Hanssen for 40% av trafikken, grunneigarane på austsida i Vinje og Bykle (Haukelid, Hovelsrud og Sauro) for 30% av ferdselen, Hydro og andre lokale brukarar stod for om lag 15% kvar.


Kunnskapen om villreinen sin bruk av dette området vil bli betydeleg utvida dei kommande åra. Som ein del av CWD-overvakinga, vil 15-20 bukkar og truleg nokre simler bli GPS-merka i nordlege delar av Setesdal-Ryfylke villreinområde. Denne GPS-merkinga vil truleg skje allereie i 2020. Som eit ledd i gjennomføringa av Kvalitetsnorm for villrein, vil ei nedsett ekspertgruppe klassifisere villreinområde i høve til kriteria i norma. Denne klassifiseringa vil skje hausten 2021, og vil truleg bli følgt opp av ei påverknadsanalyse og ein tiltaksplan dei to neste åra.

Det er og grunn til å ta høgde for at villreinen sin bruk av dette området kan endre seg dei kommande åra. Det er i siste rapporten frå GPS-merkeprosjektet anbefalt til dels omfattande tiltak lenger sør i villreinområde som kan medføre at ein større del av villreinstamma kan få tilgang til områda ved Holmavatnet. Dette dreier seg mellom anna; avgrensing av ferdsla på anleggsvegen til Store Urar, innføring av ei jaktfri sone i Steinbuskardområdet og flytting har hytte- og løypenettet ved Blåsjø.

På grunnlag av GPS-data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) frå tidsrommet 2006-2019, og observasjonar frå lokalkjente, kjem anleggsvegen i kontakt med dokumenterte villreintrekk på fire ulike stader i barmarkssesongen.

1. Hongsnuten-Havrevassnibba over Sæbyggedalen  
Dette brukast av bukkar på veg sørover på seinsommaren. Dette er ein potensiell trekkveg for fostringsflokkar nordover på sommaren.
2. Sandvatnet-Hongsnuten  
Ei GPS-merka simle har brukt dette trekket i juni. Dette er eit trekk med mange tekniske inngrep, men er potensielt ein trekkveg, som saman med trekket over Sæbyggedalen, kan brukast av forstringsflokkar på veg vestover og nordover på sommaren.
3. Sandvassbrekka-Sandvatnet  
I månadsskiftet juni/juli trekker forstringsflokkar ned til områda ved anleggsvegen og Sandvatnet, men trekker tilbake i løpet av eit døgn eller to. Potensielt kan dette trekket fortsette lenger vest i kombinasjon med trekka over Hognsnuten-Sæbyggedalen og Gravetjønnnuten. Dette kan være eit reint beitetrekk, men det kan og være starten av eit trekk lengre vest som blir avbrote av tekniske inngrep og forstyringar
4. Gravetjønnnuten-Storhidlernuten

På seinsommaren når jakta tek til trekker bukkeflokkar austover over anleggsvegen. Potensielt kan dette trekket brukast av fostringsflokkar som er på veg vestover om sommaren.



Kart som viser aktuelle stadsnamn og villreintrekk i området ved Sandvatnet og Holmavatnet.

### **Vurdering av dagens situasjon**

I det følgjende vil tre forhold bli vurdert:

1. Hindrar dagens ferdsel på anleggsvegen bukketrekket frå Gravetjønningen mot Storhidlernuten i starten av jakta?
2. Hindrar dagens ferdsel på anleggsvegen fostringsflokkane sitt beitetrekk ned Sandvassbrekka i juni/juli?
3. Hindrar dagens ferdsel på anleggsvegen fostringsflokkar frå å trekke frå Storhidlernuten til Gravetjønningen?

1. Bukketrekket frå Gravetjønningen

Inga GPS-merka bukk har gjennomført dette trekket. Observasjonar frå jegerar og andre lokalkjente tydar likevel på at dette trekket blir brukt kvar haust. Trekket ut av område er truleg sterkt motivert av starten av jakta 20. august.

På dette tidspunktet er ferdselen på anleggsvegen på det høgaste. På helgedagane er det registrert 5-20 passeringar, men nivået i vekedagane ligg på 0-17 passeringar.

Generelt vil eit bukketrekk ikkje bli stoppa av ein veg med 20 bilar i døgnet. I dette området vil truleg toleransen for ferdsel bli noko lågare enn elles på grunn av samverknaden med dei to kraftlinjene på staden. Det er likevel ingenting som tydar på bukketrekket frå Gravetjønningen mot Storhidlernuten blir vesentleg hindra av dagens ferdsel på anleggsvegen.



## 2. Fostringsflokkane sitt beitetrekk ned Sandvassbrekka

Til saman 13 GSP-merka simler har gjennomført dette trekket i tidsrommet 18. juni – 9. juli. Observasjonar i felt tydar på at dette trekket er årvisst og at det nokre år dreier seg om så mange som 200 dyr. Dyra trekker heilt ned til og delvis over anleggsvegen. Med unnatak av ei simle som trakk vidare vestover til Hongsnuten, trakk alle simlene tilbake opp Sandvassbrekka etter ein dag i område.

Ferdselsregistreringane i 2019 omfatta ikkje perioden før 14. juli ettersom snøen gjorde at vegen heilt inn til Holmavatnet ikkje var køyrbar. Det var likevel mogleg å køyre til Sandvassbrekka. Ferdsele i månadsskiftet juni/juli blir estimert til å være på 0-8 passeringar i helgedagane og 0-6 passeringar i vekedagane. Ein del av denne ferdsle omfattar køyring av sau, som sleppast ut på beite frå bil under Sandvassbrekka i dette tidsrommet. Det sleppast årvisst om lag 120 sau og lam på denne staden.

Generelt vil sjølv ikkje trekka til vare fostringsflokkar bli stoppa av ein veg med 6-8 bilar i døgnet. I dette området vil toleransen for ferdsel bli kraftig redusert av samverknaden med fleire kraftverksinstallasjonar, ei turistløype, og ein relativt stor tettleik av sau i beiteområde. Det er og ein viss biltrafikk på anleggsvegen fram til bommen. At dyra trekk oppatt Sandvassbrekka etter berre ein dag kan tyde på at dei møter ei uønskt forstyrring nede ved anleggsvegen. At ei av simlene trakk vidare vestover til Hongsnuten kan og være ein indikasjon på at beitetrekket ned Sandvassbrekka kunne vore starten på eit trekk lengre mot vest dersom tilhøve hadde gjort det mogleg. Samstundes meiner Reidar Sandal i Statens naturoppsyn, som har observert dette beitetrekket sidan midten av 1980-talet, at dyra uansett ville ha gått tilbake opp Sandvassbrekka etter to-tre dagar når det beste beite var oppbrukt.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering er det uansett gode grunner for å sette i verk tiltak som kan redusere forstyrringane av fostringsflokkane under Sandvassbrekka. Skulle dette være eit tidsavgrensa beitetrekk bør dyra kunne beite i fred så lenge dei har behov for det. Skulle det være starten på eit meir omfattande trekk vestover til Hongsnuten vil det være svært viktig at dette kan skje så uforstyrra som råd.

## 3. Fostringsflokkane sin moglegheit for å trekke frå Storhidlernuten mot Gravetjønnuten

Inga GPS-merka simle har gjennomført dette trekket i tidsrommet 10. juni-20. august. Observasjonar frå jegerar og andre lokalkjente tydar på at dette berre har skjedd heilt unntaksvis dei siste 20 åra.

På dette tidspunktet er ferdsele på anleggsvegen relativt låg. Fram til 15. juli ligg trafikken i helgedagane 0-8 passeringar, mens nivået i vekedagane ligg på 0-6 passeringar. Mellom 15. juli og 20. august ligg trafikken i helgedagane 0-9 passeringar, mens nivået i vekedagane ligg på 0-8 passeringar.

Generelt vil sjølv ikkje trekka til vare fostringsflokkar bli stoppa av ein veg med 10 bilar i døgnet. Eit slik trafikknivå vil likevel kunne skape forstyrring som kan gje avbrotne kryssingsforsøk eller kryssing i svært høg fart, men vil normalt ikkje stoppe eit trekk. I dette området vil truleg toleransen for ferdsel bli noko lågare enn elles på grunn av samverknaden med dei to kraftlinjene på staden. Når det gjeld fostringsflokkar, må ein og rekne med at nærleiken til kraftanlegga og bygningane ved



Holmavassdammen (1 km), samt ferdsla på den umerka turistløypa mellom Sloaros og Holmavasshytta (300 m), ytterlegare vil redusere toleransen for ferdsel på anleggsvegen i trekkområde.

Uavhengig av forstyrringane frå anleggsvegen, verker det ikkje å være noko press inn mot denne trekkvegen om sommaren. Faktisk har det ikkje vore ei einaste GPS-merka simle på veg inn mot denne trekkkorridoren i månadane juni, juli og august i perioden 2006-2019. Det er og påfallande at det heller ikkje har vore GPS-merka simler på nordsida av Holmavatnet, kor forstyrring frå tekniske inngrep og ferdsel er langt mindre enn på sørsida av vatnet.

Basert på GPS-data for tidsrommet 2006-2019 har fostringsflokkane sin arealbruk hatt ein klar sørleg tendens i sommarmånadane, og nordgrensa for dette sommarbeiteområde når ikkje heilt opp til Holmavatnet. Det er truleg ikkje forstyrring frå tekniske inngrep eller ferdsel som hindrar fostringsflokkane å trekke lengre nordover. Det kan heller ikkje være kvaliteten på beita lengre nord som gjer at dyra stoppar før dei kryssar fylkesgrensa til Vestfold og Telemark. Mest truleg er dagens avgrensing av sommarbeiteområde eit resultat av villreinens sykliske områdebruk i kombinasjon med ein relativt liten storleik på stammen.

Gitt dagens arealbruk for fostringsflokkane, er det lite som tyder på at ferdsla på anleggsvegen er til hinder for trekket frå Storhidlernuten til Gravetjønnuten.

#### **Vurdering av mogleg framtidig situasjon**

1. Fostringsflokkane sin moglegheit for å trekke frå Storhidlernuten mot Gravetjønnuten

Dersom fostringsflokkane sin områdebruk om sommaren forskyv seg nordover, vil trekket frå Storhidlernuten til Gravetjønnuten bli ein aktuell trekkveg mot vest.

På dette tidspunktet er ferdselen på anleggsvegen relativt låg. Fram til jakta startar 20. august ligg trafikken i helgedagane 0-9 passeringar, mens nivået i vekedagane ligg på 0-8 passeringar.

Generelt vil sjølv ikkje trekka til vare fostringsflokkar bli stoppa av ein veg med 10 bilar i døgnet. Eit slik trafikknivå vil skape forstyrring som kan gje avbrotne kryssingsforsøk eller kryssing i svært høg fart, men vil normalt ikkje stoppe eit trekk. I dette området vil truleg toleransen for ferdsel bli noko lågare enn elles på grunn av samverknaden med dei to kraftlinjene på staden. Når det gjeld fostringsflokkar, må ein og rekne med at nærleiken til kraftanlegga og bygningane ved Holmavassdammen (1 km), samt ferdsla på den umerka turistløypa mellom Sloaros og Holmavasshytta (300 m), ytterlegare vil redusere toleransen for ferdsel på anleggsvegen i trekkområde.

Det er derfor gode grunnar til å redusere trafikken på anleggsvegen dersom fostringsflokkane skulle vise interesse for å trekke over anleggsvegen. Reduksjonen i ferdsla må da ned på eit nivå kor ein kan være rimeleg trygg på at biltrafikken på vegen ikkje vil hindre trekk mot Gravetjønnuten.

#### **Skisse til bomreglement for anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet**

På bakgrunn av dokumentasjonen av ferdsla på anleggsvegen, villreinen sin arealbruk og bruk av trekkvegane dei siste 15 åra, har ein etter verneområdeforvaltar si vurdering, eit godt grunnlag for å



fastsette eit bomreglement som sikrar villreinen sine trekkmoglegheiter over anleggsvegen. Samstundes må eit nytt bomreglement og ta høgde for at villreinen sin arealbruk kan endre seg. Faktorar som auka stamme, gjennomføring av villreintiltak ved Blåsjø og sykliske endringar i bruken av sommarbeiteområde, kan alle føre til at fleire fostringsflokkar ønskjer å trekke inn i områda ved Sandvatnet og Holmavatnet.

Med dette utgangspunktet ønskjer derfor SVR å foreslå eit bomreglement som har to trinn. Eit som tek utgangspunkt i dagens situasjon og som gjeld inntil vidare, og eit som tek utgangspunkt i ein mogleg framtidig situasjon der fleire fostringsflokkar nærmar seg anleggsvegen om sommaren. Bomregimet må og innehalde eit sett med kriterie for når det andre trinnet skal innførast. Det må understrekast at for SVR er det det samla omfanget av ferdsla på anleggsvegen, og når på sommaren denne skjer, som er avgjerande.


#### Trinn 1 – Dagens situasjon

1. Bommen flyttast til krysset til nedkøyringa til Hydro si hytte ved Sandvatnet.
2. Det settast opp ein elektronisk bom kor kvar av brukargruppene får tildelt sin unike kode for opning av bommen.
3. Talet på passeringar på anleggsvegen skal ikkje overstige 330 i tidsrommet frå veggen er køyrbar og fram til 15. oktober.
4. Bommen er stengt fram til 20. juli kvart år. Unnataket er Hydro sin nødvendige ferdsel og grunneigarane sin ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald og klargjering av hyttene ved Holmavatnet.
5. Hydro sender er kort rapport over omfanget og fordelinga av ferdsla på anleggsvegen til grunneigarane, SVR og Suldal kommune innan 15. november kvart år.
6. Om elektronisk bom ikkje kan settast opp skal Hydro gjennomføre trafikktejingar kvart tredje år. Første gong i 2022.
7. Ferdsel i samband med redning, brann, politi, oppsyn og forvaltning er unntatt frå desse reglane.
8. Bomreglementet i trinn 1 er gjeldande fram til eit av kriteria for overgang til trinn 2 er oppfylt.

Supplerande retningslinjer for ferdsla:

- Ved ferdsel inn til Holmavatnet skal ein unngå stopp etter anleggsvegen.
- Slepp av sau frå motoriserte køyretøy skal ikkje skje i ei nærare avgrensa sone under Sandvassbrekka i tidsrommet 10. juni-20. juli.





Sone utan slepp av sau frå motoriserte køyretøy

#### Kriterie for overgang frå trinn 1 til trinn 2

1. Eit år med observasjon av meir enn to fostringsflokkar nærare anleggsvegen enn 500 m i tidsrommet 10. juni-20. august. Dette gjeld både stadfesta observasjonar i felt og eventuelle GPS-data, utanom beitetrekket ned Sandvassbrekka.
2. Konkret råd om mindre ferdsel på anleggsvegen frå relevant departement eller direktorat som eit tiltak for å hindre spreining av CWD. Nedbygging av vandringshinder i villreinområde kan være eit aktuelt CWD tiltak.
3. Konkret råd om mindre ferdsel på anleggsvegen i tiltaksplanen for Setesdal-Ryfylke villreinområde i samband med Kvalitetsnorm for villrein.
4. Resultatet frå bilteljningane viser over 330 passeringar to år på rad, utan at auken kan tilskrivast ekstraordinært behov for køyring frå Hydro.
5. Trinn 2 blir innført om eit av dei fire første kriteria er oppfylt.

#### Trinn 2 – Mogleg framtidig situasjon

1. Talet på passeringar på anleggsvegen skal ikkje overstige 170 i tidsrommet frå vegen er køyrbar og fram til 15. oktober.
2. Bommen er stengt fram til 20. juli kvart år. Unnataket er Hydro sin nødvendige ferdsel og grunneigarane sin ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald og klargjering av hyttene ved Holmavatnet.
3. Hydro sender kort rapport over omfanget og fordelinga av ferdsla på anleggsvegen til grunneigarane, SVR og Suldal kommune innan 15. november kvart år.





4. Hydro gjennomfører trafikktejingar kvart år.
5. Ferdsel i samband med redning, brann, politi, oppsyn og forvaltning er untatt frå desse reglane.
6. Bomreglementet i trinn 2 er gjeldande i 5 år. Hydro gjennomfører ei evaluering og avgjer om bomreglementet etter trinn 2 skal halde fram i 5 nye år eller om ein skal gå tilbake til trinn 1.

Supplerande retningslinjer for ferdsla:

- Ved ferdsel inn til Holmavatnet skal ein unngå stopp etter anleggsvegen.
- Slepp av sau frå motoriserte køyretøy skal ikkje skje i ei nærare avgrensa sone under Sandvassbrekka i tidsrommet 10. juni-20. juli.

### **Andre vurderingar**

#### **Forstyrringar frå jakt**

Det jaktast relativt intensivt over store delar av område dei to første vekene av villreinjakta. Etter kvart jaktast det mindre intenst, men frå midten av september kjem det rypejegerar i delar av område. Heilt mot slutten av jakta aukar intensiteten på nytt dei åra det kjem dyr ned mot Sandvatnet.

På mange måtar er det ei unntakstilstand i villrein fjellet under jakta. Det er folk i terrenget, også utanfor merka løyper, og dyra blir leita opp og skote på. Forstyrringane er dermed store og systematiske. Dette førar til at dyra ofte er i bevegelse og søker å komme unna folk. I ein slik situasjon vil motivasjonen til å krysse ulike vandringshinder være sterk, og dyr kan trekke på stader dei ikkje ville gjort under normale omstende.

Rundt Holmavatnet er bukkane sin reaksjon på jakta å trekke ut av område. Korleis eventuelle fostringsflokkar i område vil oppføre seg i ein jaktsituasjon har ein mindre sikker kunnskap om.

Det vil uansett være eit fornuftig prinsipp å søke å halde andre formar for forstyrring på eit lågt nivå under jakta. Dyra blir utsett for mykje stress når dei blir jakta på, og ytterlegare forstyrring frå ferdsel på anleggsvegen må vurderast som ein tilleggsbelastning.

#### **Vurdering av trekket Hongsnuten-Havrevassnibba over Sæbyggedalen**

Tiltaka som er skissert i denne saka vil ikkje påverke dette trekket. Forslaget til ny plassering av bommen vil komme lenger aust enn Sæbyggedalen og såleis ikkje redusere biltrafikken gjennom denne trekkorridoren.

Ein har ikkje sikker kunnskap om omfanget av ferdsla på anleggsvegen da bilteljingane var gjennomført lenger aust. Det er likevel grunn til å tru at ferdsla er langt høgare enn dei 330 passeringane som vart registrert innafor bommen. Villreinen sin bruk av denne trekkorridoren er heller ikkje like grundig analysert som villreintrekka lenger aust.

Det bør derfor gjennomførast ei nærare vurdering av kva betydning dette villreintrekket har i dag, og kva betydning det kan ha i en eventuell framtidig situasjon med fleire fostringsflokkar i området. Innverknaden frå ferdsla på anleggsvegen må å vurderast.

Eit mogleg tiltak vil være å flytte bommen ennå lenger vest. Eventuelt eit opplegg med to ulike bommar.